

**Marine Harvest deler ut kultur&idrettsstipend.**

25.11.2012

**Marine Harvest Norway AS, Region Sør, vil i åra 2012-2016 setje av 100 tusen kroner årleg som skal delast ut som kultur & idrettsstipend. Stipenda skal gå til ungdommar som markerer seg på relativt høgt nivå i komunane Askøy, Fjell, Sund, Etne, Jondal, Kvinnherad, Tysvær, Vindafjord, Finnøy, Hjelmeland og Flekkefjord. Dette er kommunar i denne regionen der Marine Harvest har aktivitet.**

Marine Harvest ønskjer å stimulere ungdom i alderen 16 - 25 år til ytterlegare innsats innan kultur og idrett. Det vert delt ut 2-3 stipend på 25.000kr årleg, og same stipendsmottakar kan unntaksvis få stipend inntil 3 år. Den som mottar stipendet må aspirere til nasjonalt/internasjonalt toppnivå.

Søknadene må innehalde ein klar plan for korleis ein ønskjer å bruke stipendet, og dei som mottar stipend må rapportere korleis stipendpengane er brukt.

Ungdommar i Kvinnherad kommune som ønskjer å søkje stipendet, må ta kontakt med kulturkontoret i kommune(Kristian O. Bringedal, 53 48 31 95) Då vil dei få tilsendt retningslinjer og søknadsskjema.

Av: Thor Inge Døssland.